



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet

Møtedato
11.09.2014

Saksnr
053/14

Sakshandsamar:
Oddbjørn Sellevoll

Arkiv:
FA-S10

Arkivsaknr.:
12/1495


Uttale frå Førde kommune - Høyring på konsesjonssøknadar med konsekvensutgreiing for kraftutbygging i Jølstra

Vedlegg:


Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.08.2014	Kart Sunnfjord Energi AS	142183
21.08.2014	Informasjonsbrosjyre Sunnfjord Energi AS	142181
21.08.2014	Kart Nordkraft AS	142182
21.08.2014	Informasjonsbrosjyre Nordkraft AS	142180
02.10.2012	Uttale til meldingar med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for kraftutbyggingsplanar i Jølstra.	84230

Bakgrunn for saka:

NVE har motteke konkurrerende søknadar frå Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS om utnytting av delar av fallet i Jølstra for å byggje Jølstra kraftverk. Sunnfjord Energi AS søker om utnytting av fallet frå Tongahølen (Jølster) med utløp i Reinene (Førde). Nordkraft AS søker om utnytting av fallet mellom Tongahølen og til eksisterande kraftverk i Stakaldefossen.



Nordkraft AS



Sunnfjord Energi As

Både vassveg og kraftstasjon er planlagd i fjell for begge alternativa. Berekna årleg produksjon er hhv. 176 (Sunnfjord Energi) og 131 (Nordkraft) GWh i ny energi.

Sunnfjord Energi AS søker også om oreigningsløyve for naudsynt grunn og rettar for å byggje og drive kraftverket, inkludert rett til all naudsynt ferdsle og transport. Samstundes søker Sunnfjord Energi AS om førehandstiltredning som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjønn er halde.

Søknaden med konsekvensutgreiing vert handsama etter reglane i vassdragsreguleringslovas § 6, og NVE har sett høyringsfrist til den 15 .09.2014.

Søknader med vedlegg:

[Sunnfjord Energi AS:](#)

[Nordkraft AS:](#)

Formannskapet har tidlegare handsama (møte den 18.10.2012, sak 063/12) førehandsmelding med forslag til Konsekvensutgreiingsprogram (KU). Det er arrangert to opne folkemøter om saka, eit ved førehandsmeldinga av søknadane og eit etter at søknadane vart sendt på høyring. Dette siste møtet var no i sommar den 16.06. der rådmann og ordførar deltok.

I førehandsmeldingane presenterte Nordkraft AS (då Fjellkraft AS) 2 alternativ til utbygging. Alternativ 2 skulle til liks med Sunnfjord Energi AS sin søknad, utnytte fallet mellom Tongahølen i Jølster og Reinene i Førde. Nordkraft AS har i konsesjonssøknaden valt å gå bort frå dette alternativet.

Sjølv om søknadane no ikkje er like, er Førde kommune sine merknader og innspel til KU blitt tekne omsyn til og er vurdert i dei to søknadane med konsekvensutgreiing.

Kommunen skal gjere ei heilskapleg vurdering av om fordelane ved utbygginga er større enn ulempene for kommune og lokalsamfunnet. Det kan setjast fram krav om avbøtande tiltak for negative konsekvensar av kraftutbygginga, foreslå alternative løysingar og kome med krav om tilleggsutgreiingar. Enkelt sagt handlar saka om Jølstra har meirverdi slik den ligg i dag, eller om eit utbygging vil gje meirverdi for lokalsamfunnet.

NVE har og ei forventning om at kommunen skal prioritere og gje innstilling til kva konsesjonssøkjjar som skal få konsesjon dersom kommunen er positiv til at konsesjon verte gjeve.

Tilhøve til offentlege planar og verneplanar.

Utnytting av fallet i Jølstra er utgreidd i *Samla plan for vassdrag*. I 2009/2010 vart det søkt om fritak frå Samla Plan for kraftutbygging mellom Jølstravatnet og Movatnet. Grunna høg konfliktgrad øvst på strekninga, vart fritak berre gjeve for strekninga mellom Tongahølen og Movatnet. Jølstra er ikkje verna i *Verneplan for vassdrag*, og det ligg heller ikkje føre andre overordna planar som vil kome i konflikt med utbyggingsplanane.

Elvestrekningen ligg i LNF-området etter gjeldane kommuneplan i Førde og Jølster.

Størstedelen av tippmassane vil plasserast i eitt område som er regulert til Moskog industriområde. Inntaksområde ligg på strekninga for ny E39 mellom Moskog og Vassenden. Dei foreløpige planane for tunnelling og stigning på ein eventuell vegtunnell tilseier at det vil vera uproblematisk i forhold til ein tillaupstunnell for Jølstra kraftverk. Eitt alternativ er tenkt å gå forbi inntaks-tverrslags og deponiområdet, slik at her må det gjerast ein del tilpassingar i detaljfasen om dette alternative vert realisert.

Saksutgreiing:

Kommunen finn det rett å byrje med ein kortfatta presentasjon av den meir tekniske delen i dei to søknadane og kva fordelar søkjarane meiner er knytt til ei utbygging. Det vert synt til sidetal i konsesjonssøknaden for meir detaljert omtale kring dei ulike delar av tiltak.

Søknaden til Sunnfjord Energi AS:

Sunnfjord Energi AS utviklar og produserer fornybar energi, og eig heilt eller delevis 10 kraftverk med ein samla medelproduksjon på om lag 500 GWh. Denne kraftproduksjonen dekkjer behovet til om lag 25 000 husstandar i forsyningsområdet, som omfattar dei sju kommunane Jølster, Førde, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Solund, Naustdal. Selskapet eig og driv det regionale leidningsnett i området. Konsernet Sunnfjord Energi er eigd av nemnde kommunar og BKK.

Det aktuelle utbyggingsalternativet omfattar hovudløpet i Jølstra frå Tongahølen til Reinene i Førde. Nedbørsfeltet for kraftverket er på 408,13 km² med ei middelvassføring på 30,83 m³/sek. Alminneleg lågvassføring er 4,4 m³/sek og 5-persentil sommar er 19 m³/sek og 4,14 m³/sek om vinteren.

Inntaket ligg på 172,8 moh, utlaupet på 42 moh. Lengd på råka elvestrekning er 5,6 km, med ei brutto fallhøgde på 131,8 meter. Maksimum slukeevne er 55 m³/sek og minimum slukeevne er 3,5 m³/sek. Planlagd minstevassføring sommar (15.5 – 30.09) 12 m³/sek, og vinter 4 m³/sek.

Årleg middelproduksjon er sett til 209 GWh med ein produksjon av 176 GWh i ny energi. (Ny energi = produksjon i Jølstra Kraftverk minus tapt produksjon i Stakaldefossen på 33 GWh/år)

Utbyggingsprisen for ny energi er 4,00 Kr/kWh.

Inntak: (Side 16-20)

Dykka inntak (3 m) i Tongahølen. Svakt bua terskel med høgde på 1-2 meter ved utlaupet av hølen. Total lengd med tappearrangement, om lag 65 meter. Flaumvollar på nordsida og sørvestsida av inntaksbassenget med topp på kote 175,5 moh. Lukekonstruksjon med glideluker for slepp av minstevassføring. Inntaksbasseng ved midelvassføring (30 m³/sek): Vasstand 0,5 m høgare enn før utbygging, 300 meter opp i elva, areal på 35 000 m² (auke i areal ca 7 000 m²), volum på 70 000 m³.

Utlau: (Side 21)

Betongkonstruksjon i dagen. Vinkla utlaup, tilnærma same retning som elvestraumen, dykka 1 m.

Vassvegar og tilkomsttunellar: (Side 21, sjå elles vedlagt kart)

Tillaupstunellen: Lågtrykksdel, og trykktunell med total lengd 4 260 m. Tunellen vil drivast frå begge sider, men mest frå kraftstasjonsområdet (Moskog). Avlaupstunell 1350 meter. Tilkomsttunell 320 meter frå Moskog industriområde.

Kraftstasjon: (Side 22, samt vedlegg nr 7)

I fjell. Automatisk omløpssystem ved utfall av kraftstasjonen, dimensjonert etter naudsynt vassbehov for å dekkje konsesjonskrava for drift av Brulandsfossen

kraftverk. 2 kablar frå transformatorane til eksisterande 132 kV koplingsanlegg i Moskog transformatorstasjon.

Massedeponi og vegar: (side 22 – 24)

Inntaksområdet: 80 000 m³. Nytte nedlagt grustak ved inntaket. Deponering for seinare bruk, eller primært å arrondere massane på staden (revegetering). Kraftstasjonsområdet om lag 450 000 m³. Nyttast til oppbygging av planlagd industriområde, eller til jordbruksformål (avtale med kommunane/ grunneigar). Lite transport av massar. Deponia er nærme både påhogg og kraftstasjonsområde. Lett tilgjengeleg utbyggingsområde gjev trong for minimalt med vegbygging. Kommunal veg mot Åsane må leggest om under bygging av utlaupet.

Arealbruk: (side 39)

Kraftverk i fjell. Arealbruken i byggjetida meir omfattande enn endeleg arealbruk. Tyngda er knytt til deponering av massar, som i stor grad er planlagd nytta anten til opparbeiding av industriområde eller til landbruksformål. Arealbehovet er totalt 136,6 daa. 130 daa. av dette er areal for lagring av overskotsmassar.

Eigedomstilhøve: (Side 39- 41)

Fallrettar og grunn på utbyggingsstrekninga er eigd av private grunneigarar og av Sunnfjord Energi AS. Utbygging omfattar 27 eigdommar med til saman 40 private grunneigarar. Sunnfjord Energi AS har avtale med grunneigarane nedstrøms Stakaldefossen i Førde kommune, og disponerer 46,9 % av fallrettane. Fjellkraft/Nordkraft AS, har inngått avtale med grunneigarane ovanfor Stakaldefossen i Jølster kommune, og disponerer 52,2 % av fallrettane. Sogn og Fjordane Fylkeskommune eig 0,9 % av fallrettane, og vil venta med å skrive under kontraktar til ein konsesjon er gitt.

Fordelar med tiltaket: (Side 28)

Medfører ikkje trafikk på/ kryssing av E39. Ikkje bygging av nye vegar. Midlertidige og permanente inngrep er avgrensa til råka elvestreng og nærmaste områder. Tippmasse kan nyttast til planering/ utbygging av Moskog industriområde og såleis tilpassast kommunale prosjekt. Inntekt frå fallrettsleige til grunneigarane. Nærleiken til Moskog trafo og kopling mot 420 kv. Ørskog – Fardal, betrar sikkerheita for straumforsyning i regionen og i Midt-Norge.

Jølstra kraftverk vil gje auka inntening som kjem lokalsamfunn og region til gode grunna lokal/ regional eigarskap. Sikrar eksisterande lokale arbeidsplassar og skapar nye. Auka lokal verdiskaping og sysselsetting i anleggsfasen. Auka inntekter gjennom skatt og avgift (spesielt til Jølster kommune).

Søknaden til Nordkraft AS:

Nordkraft AS driv utvikling av småkraftverk, i tillegg til drift av eksisterande og større kraftverk. Heile prosjektporteføljen er lokalisert innanlands, med prosjekt i alle landsdelar. Nordkraft er lokalisert med hovedkontor i Narvik og er eigd av Hålogaland kraft, Narvik kommune og Troms Kraftforsyning og Energi AS. Selskapet er 100 % offentlig eigd. Selskapet eig og driftar vatn- og vindkraftanlegg tilsvarande ein årsproduksjon på ca. 1,2 TWh.

Utbyggingsalternativet omfattar hovudløpet i Jølstra frå Tongahølen til inntaksmagasinet for Stakaldefoss kraftverk. Heile tiltaket ligg i Jølster kommune. Nedbørsfeltet for kraftverket er oppgjeve til 408 km² med ei middelvassføring på 32,5 m³/sek. Alminneleg lågvassføring 3,8 m³ /sek, og 5-persentil sommar er 17 m³/sek og 3,2 m³/sek om vinteren.

Inntak 173 moh og utlaup på 99 moh. Lengd på råka elvestrekning er 4,6 km, med ei brutto fallhøgde på 74 meter. Maksimum slukeevne er 45 m³/sek og minimum slukeevne er 4 m³/ sek. Planlagd minstevassføring sommar (01.06 – 31.08) 20/ 3,5 m³/ sek (20 m³/ sek mellom kl. 10-17) , og resten av året/ vinter 3,5 m³/sek.

Årleg middelproduksjon er sett til 131 GWh. Utbyggingsprisen er oppgjeven til 2,94Kr/kWh.

Inntak: (Side 8-10)

Tongahølen. Inntak vik i sør. Terskel ved utlaupet av hølen 50- 60 m total lengd med tappearrangement. Vasstanden vert heva med inntil ein meter. Oppdemt areal 10 000 – 14 000 m²

Utlaupe:

I inntaksbasseng for Stakaldefossen kraftverk (Ikkje detaljert omtalt i søknad).

Vassvegar og tilkomsttunellar: (Side 11-12, sjå elles vedlegg nr 1 og 2)

Tillaupstunellen: Trykktunell med total lengd 4 115 m. Tunellen vil drivast frå to påhogg: Eit tverrslag like nedanfor inntaket og frå tilkomsttunell (tilkomst til kraftstasjon med avgreining) like ved kraftstasjonsområdet på Moskog. Avlaupstunell på 545 m.

Kraftstasjon: (Side 11-14 og 29)

I fjell. Tilkomsttunell på ca 450 m (sjå over). Omløpssystem ved utfall av kraftstasjonen, dimensjonert for 50% av maksimal slukeevne. Tilknytingskabel gjennom tilkomsttunell til koplingsanlegg i nye Moskog transformatorstasjon.

Arealbruk, massedeponi og vegar: (side 20)

Kraftverk i fjell. Arealbruken i byggjetida er meir omfattande enn endeleg arealbruk. Tyngda er knytt til deponering av massar, som i stor grad er planlagd nytta anten til opparbeiding av industriområde eller til landbruksformål. Permanent arealbruk er oppgjeve til ca 35 daa.

Om lag 320 – 350 000 m³ tunellmasse. Forslag om å nytte nedlagt grustak ved inntaket (29 daa), og Moskog industriområde. Lite transport av massar, deponia er nærme både påhogg og kraftstasjonsområde. Lett tilgjengeleg utbyggingsområde gjev trong for minimalt med vegbygging.

Eigedomstilhøve: (Side 20- 21)

Fallrettar og grunn på utbyggingsstrekninga er eigd av private grunneigarar. Nordkraft AS har inngått avtale med grunn -/ fallrettseigarane. Prosjektet er såleis eit samarbeid mellom desse, og eigarskapen vert delt. Grunneigarane sin eigarskap er avgrensa til maks 20%. Ein mindre del av fallet i Kvamsfossen er omtvista, og såleis ikkje med i avtalen.

Fordelar med tiltaket: (Side 58-60 og 62-63)

Minimalt med bygging av nye vegar. Midlertidige og permanente inngrep er avgrensa til råka elvestreng og nærmaste områder. Tippmasse kan nyttast til jordforbetringstiltak, og planering/ utbygging av Moskog industriområde og såleis tilpassast kommunale prosjekt. Nærleiken til Moskog trafo, og kopling mot 420 kv. Ørskog – Fardal, betrar sikkerheita for straumforsyning i regionen og i Midt-Norge.

Årlege inntekter til fallrettseigarane. Jølstra kraftverk vil gje inntening som kjem lokalsamfunn og region til gode. Auka lokal verdiskaping og sysselsetting i anleggsfasen. Auka inntekter gjennom skatt og avgift til Jølster kommune.

Konsekvensar:

Tekniske løysingar i dei to søknadane er mykje like. Skilnaden går i hovudsak på at Sunnfjord Energi søker om å utnytte ein lengre strekning av Jølstra og at deira søknad er knytt til areal og eigedomar også i Førde kommune. Nordkraft AS sin søknad gjeld elvestrekning og areal i Jølster kommune.

I samband med konsekvensutgreiinga er det for begge søknadane, utarbeidd fagrapportar som dekkjer alle aktuelle fagfelt som NVE har kravd skal utgreiast. Konsekvensar for følgjande tema er utgreidd:

- Erosjon/ sedimenttransport
- Hydrologi
- Landskap
- Naturmiljø
- Fisk og ferskvassorganismer
- Kulturmiljø (kulturminner)
- Ureining
- Friluftsliv
- Naturressursar
- Nærings- og samfunnsinteresser (økonomi).

Førde kommune vurderer konsekvensutgreiingane i begge søknaden som gode og i stor grad samanfallande. Konsekvensane vil vere relativt like for dei to prosjekta. Ulikskapen er at Sunnfjord Energi søker om å nytta ei lengre elevstrekning en søknaden til Nordkraft. Omfanget av konsekvensane vert difor større. Likevel vil effekten i området mellom Tongahølen og Stakaldefossen vere relativt sett like. Frå Stakaldefossen og ned til Reinene ulikt.

Det har i denne saka vore dialog og samarbeid med Jølster kommune. Dei naturfaglege tilhøva knytt til arealbruk og råka elvestrekning i Jølster kommune er godt dokumentert i Jølster kommune sin uttale, og Førde kommune sine merknader samsvarar i stor grad med Jølster sine innspel på dette området.

Ut frå ovannemnde vil Førde kommune, i høve naturfaglege konsekvensar i stor grad fokusere på søknaden til Sunnfjord Energi AS og tilhøve knytt til elva og areal nedstraums Stakaldefossen i Førde kommune. Det er likevel nokre områder der også Nordkraft sitt prosjekt kan ha konsekvensar for desse fagtema nedstraums Stakaldefossen. Kommunen vel å omtale desse for seg.

Konsekvensar for områda friluftsliv, naturressursar, nærings- og samfunnsinteresser (økonomi) vil for begge søknadane vere av både lokal og regional betydning og vert vurdert samla.

Førde kommune finn ikkje grunn til å kommenter fagområder som er vurdert til å vere godt nok skildra i konsekvensutgreiinga og syner til konsesjonssøknadane, samt rapportane for vurdering av fagfelt som ikkje blir kommentert nedanfor.

Søknaden til Nordkraft AS- konsekvensar nedstraums Stakaldefossen:

KU- rapportane knytt til fisk og ferskvassorganismer, syner til følgjande: Etablering av inntak i Tongahølen vil føre til at ein del ungfisk av storaure vil hamne i kraftverksinntaket. Tongahølen vil og få eit større område med stilleflytande vatn ved utbygging, noko som kan favorisere ørekyte.

Dette sannsynleggjer at ørekyte jamleg havnar i kraftverket, og dette vil truleg medføre ein betydeleg sjanse for etablering av ørekyte i inntaksdammen til Stakaldefossen kraftverk og såleis kunne framskande spreining av ørekyte frå Tongahølen til Movatnet. Likeeins vil utbygginga sannsynlegvis føre til ei viss auke i innblanding av genar frå Jølstravatnet-storaure i storaurestammen i Movatnet.

Merknad:

Eit av fleire avbøtande tiltak for å hindre slik spreining vil vere eit dukka inntak. Ut frå det Førde kommune kan sjå er ei slik løysing ikkje presentert i søknaden til Nordkraft. Forslag til avbøtande tiltak/ oppfylgjande undersøkingar i søknaden er ikkje tilfredsstillande på dette området

Dette vil bli nærmare omtalt under punktet avbøtande tiltak.

Utlauget ved Stakaldefossen kraftverk, er i liten grad skildra i søknadaden til Nordkraft. Under konsekvensutgreingar, er det omtalt under deltema hydrologi på side 38, at avlauptet kjem direkte i inntaksbassenget til kraftverket og at Stakaldefossen kraftverk ikkje får nemneverdige endringar i tillauget. Det blir foreslått å setje inn ein omlaupsventil med kapasitet inntil halvparten av slukevna ved eventuelle utfall i kraftverket (side 30 og 38), dette for å redusere negative konsekvensar for fisk.

Merknad:

Førde kommune finn dette utilstrekkeleg. Det går ikkje fram om utlauptet skal vere dykka eller vinkla, om det har innverknad på straumforholda i inntaksbassenget, eller om slike faktorar har innverknad på inntak og produksjon i Stakaldefossen kraftverk.

Det må avklarast om produksjonen i Stakaldefossen kraftverk blir påverka (om omlausventilen sin kapasitet er tilstrekkeleg) og om dette igjen kan ha innverknad/ konsekvensar for vassføringa eller auka risiko for tørrlegging av elva nedstraums utlaupet til eksisterande kraftverk og såleis også ha konsekvensar for vassføring i den lakseførande delen av elva nedstraums Brulandsfossen.

Søknaden til Sunnfjord Energi AS- konsekvensar.

Konsekvensar for hydrologi:

Eit tema som blir drøfta i dette kapittelet, er dreneringseffekten til dei ulike tunellane. I anleggsfasen vil det grunna undertrykk, vere sannsynleg med innlekkasje i heile tunnelsystemet. I driftsfasen vil det stå trykk i tilløpstunnelen, noko som gjev lågare lekkasje enn i anleggsfasen. Utløpstunnelen vil også i driftsfasen ha undertrykk og såleis høgst truleg drenere grunnvatn. Naturområda/ nedbørsfeltet over utløpstunnelen er vurdert til meir sårbart en for områda lenger oppstraums. Det vert tilrådd å setje ei noko strengare grense for maksimal innlekkasje på denne tunnelen.

Merknad:

I Førde kommune går utløpstunnelen under delar av eit større område som gjennom naturtyperegistreringar er klassifisert som kystfuruskog med verdien svært viktig (Naturbase). Årsaka til dette er funn av sjeldne og raudlista marklevande sopp. Avgrensinga er usikker. Flatatjørna med større myrområder ligg like aust for tunneløpet.

Kommunen seier seg einig i at det må setjast ei streng grense for maksimal innlekkasje i utløpstunnelen.

Konsekvensar for naturmiljø:

Det vert synt til at tiltak- og influensområde inngår i eit regionalt viktig vinterbeiteområde for hjort. Sjølve anleggsfasen kan vere negativ for mange artar grunna auka støy og trafikk. Etter avslutta arbeid vil ein stor del av inngrepsområda på ny kunne nyttas av viltet. Samla verknad for fugl og pattedyr er forventa å vera liten til middels negativ både i anleggsfasen og driftsfasen. Redusert vassføring forventas å ha middels negativ verknad på fossefall.

Merknad:

Det er vurdert at føreslått minstevassføring vil sikre betydeleg vassdekt areal og at dette er tilstrekkeleg for førekomstane av oter, fossefall og andre vasstilknytt fugleartar. Summen av utbygde og planlagde kraftanlegg kan likevel gje ein større negativ verknad på fossefall enn den som er konkludert med i rapporten.

Rådgivande biologar føreslår i si vurdering, reirkassar for fossefall som eitt tiltak, Førde kommune støttar dette tiltaket.

Tiltaket vil kunne ha negativ effekt på hjorten og hjorten sin områdebruk. Spesielt i anleggsperioden. Moskog er eit viktig område for hjort ikkje berre lokalt, men og regionalt. Dei sørvendte liene på Moskog er vinteropphaldsstad.

Det er elles mange trekkruter i området. Ein konsekvens kan vere at hjorten kryssar E- 39 på andre stader enn ein er vande med og slik sett gjere til at det vert fleire

møter mellom køyrety og hjort. Vidare vil ein kunne kome i den situasjonen at tiltaka som er sett i verk frå før, som viltgjerde, skilting og overgangar ikkje fungerer slik dei er tenkt fordi trekka vert endra.

Konsekvensar for fisk og ferskvassorganismer:

Til liks med Nordkraft sitt prosjekt peikar begge rapportane på at etablering av inntak i Tongahølen vil føre til at ein del ungfisk av storaure vil hamne i kraftverksinntaket. Tongahølen vil og få eit større område med stilleflytande vatn ved utbygging, noko som kan favorisere ørekyte.

Dette sannsynleggjer at ørekyte jamleg havnar i kraftverket, og dette vil truleg medføre ein betydeleg sjanse å framskande spreining av ørekyte frå Tongahølen til Movatnet. Likeeins vil utbygginga sannsynlegvis føre til ei viss auke i innblanding av genar frå Jølstravatnet-storaure i storaurestammen i Movatnet.

Strekninga frå utlaupet og noko oppstraums ved Reinene og ned til Movatnet er truleg det viktigaste gyte og oppvekstområdet for aurebestanden i Movatnet. Det er registrert relativt høg tettleik av ungfisk (aure) i sona kring utlaupet og dette området blir forandra etter utbygging.

Det er planlagt omlaupsventil med ein kapasitet på inntil 45m³/sek. I tillegg kjem minstevassføring og eventuelt overlaup. Verknaden av eit eventuelt utfall i kraftstasjonen vert såleis vurdert til å ha liten risiko for tørrlegging og stranding av ungfisk.

Luftovermetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen kan gje høge konsentrasjonar av oksygen og nitrogen. Nitrogen kan gje fiskedød. Faren er vurdert som liten.

Merknad:

Eit av fleire avbøtande tiltak for å redusere risiko for at fisk vert trekt inn i inntaket vil vere eit dykka inntak. Sunnfjord Energi har planlagt eit dykka inntak (3 meter). Førde kommune finn likevel at søknaden ikkje har tilfredstillande forslag til avbøtande tiltak/ oppfylgjande undersøkingar knytt til spreining av fisk og ørekyte.

Området rett oppstraums og nedstraums utlaupet sin verdi for aure er vurdert som betydeleg. Rapporten syner til at risikoen for negative konsekvensar er ubetydeleg/ liten. Førde kommune vurderer likevel at det i dette området bør gjennomførast oppfylgjande undersøkingar i ein eventuell driftsfase.

Tilhøva ovanfor vil bli omtalt nærmare under punktet avbøtande tiltak.

Konsekvensar for ureining:

Vassførekomstane Jølstra og Movatnet kan bli ureina i samband med utbygginga.

Ved utlaupet (Reinene) kan steinmjøl og restar av sprengstoff spylast ut i elva ved siste sprengsalve. Omfang avheng av vassmengda som då kjem ut av tunnelen. Ved første køyring av vatn gjennom heile tunnelsystemet, kan det også vaskast ut betydelege mengder steinmjøl, restar av sprengstoff og eventuell anna ureining frå tunneldrifta. Omfanget er vanskeleg å anslå.

Finsediment vert vurdert til i liten grad å ha konsekvensar for gytegroper, elva er stor og har til tider kraftig vassføring. Movatnet vil fungere som buffer (fange opp finstoff). Lakseførande del, nedstraums Brulandsfossen vil høgst truleg ikkje verte råka. Restar av sprengstoff vil raskt tynnast ut og såleis ikkje gje gjødslingseffekt på elva.

Merknad:

Førde kommune seier seg einig i at konsekvensar knytt til ureining ikkje vert store. Det er likevel grunn til å merke seg, som omtalt tidlegare, at utlapsområdet har stor verdi som gyte og oppvekstområde for aure. Det kan såleis også her vurderast behov for oppfylgjande undersøkingar i ein driftsfase.

Redusert middelvassføring vil føre til redusert resipientkapasitet i vassdraget.

Konsekvensar for friluftsliv:

Tiltaks- og influensområdet har regional verdi som reiselivsmål.

Jølstraaren er godt kjend i heile Norge for sin uvanlege storleik, og elva har eit godt rykte nasjonalt og delvis internasjonalt, og står fram som urørt. Jølstra som fiskeelv har nasjonal verdi. Det vert drive sportsfiske på heile den råka elvestrekninga (begge søknader).

Korleis redusert vassføring og dagleg skifte mellom 3,5 og 20 m³/sek som minstevassføring vil påverke fiske på strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen er usikkert i følgje Rådgjevande biologer (Nordkraft sin søknad)

I rapporten knytt til Sunnfjord Energi sin søknad, vert det synt til at redusert vassføring om sommaren på råka elvestrekning, vil gje færre område med gunstige oppveksttilhøve for fisk, og såleis kunne ha negative konsekvensar for fritidsfiske.

Det har vore kommersiell rafting i Jølstra sidan tidleg på 1990-talet, og elva er kjend som ei av Norges beste raftingelver. Jølster rafting guidar i dag drygt 1500 personar gjennom elva per sesong. Jølstra kan raftast i eitt strekk frå utlaupet av Jølstravatnet til Stakaldefossen. 24 m³/sek er minste vassføring for rafting i elva, men enkelte strekningar kan kun raftast med vassføring på minimum 28 m³/sek. Jølstra som raftingelv har nasjonal verdi.

Jølstra er og kjend som ei av Vestlandet sine beste elvar for kajakkpadling, der nærleik til veg også er ein viktig eigenskap. Strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen er ein av dei mest interessante partia. Det er hovudsakleg privatpersonar på uorganiserte turar som padlar, og difor er det vanskeleg å kvantifisere bruken.

Influensområdet har regional verdi som golfområde. Dei negative verknadane i anleggsfasen er knytt til støy, og kor anleggstrafikk eller midlertidige terrenginngrep representerer fysiske hinder.

Rapporten frå rådgjevande biologar føreslår å auke minstevassføring til 30 m³/sek over ein lengre periode enn føreslått sommarstid, som eit avbøtande tiltak. Eit anna tiltak er å utforme terskel på utlaupet av Tongehølen slik at raftingbåtar mm lett kan ta seg over. Det bør og sikrast passasjemoglegheit for turgåarar og fiskarar som ferdast langs Jølstra ved planlagt inntaksdam.

Merknad:

Nordkraft vektlegg ikkje Tongahølen som god fiskeplass i sin søknad, og har heller ikkje kome med avbøtande tiltak for at Tongahølen fortsatt skal vera ein populær fiskeplass etter utbygging. Rapporten er også usikker på korleis redusert vassføring og dagleg skifte mellom 3,5 og 20 m³/sek som minstevassføring vil påverke fiske på strekninga Kvamsfossen – Stakaldefossen. Nordkraft meiner 0,5 – 1 times opp- og nedjustering vil vera tilstrekkeleg for å ivareta dette.

Rapporten til Sunnfjord Energi oppsummerer med at utbygginga blir vurdert til å ha negativ verknad på fritidsfiske, både knytt til tilgjenge i Tongahølen og at lågare vassføring vil kunne ha negativ effekt på aurebestanden.

Sunnfjord Energi legg ikkje opp til ei minstevassføring sommartid (12 m³/sek) som ivaretek elveaktivtear (rafting/ padling), og syner til at dette er den største negative konsekvensen ved utbygginga. Nordkraft meiner at ei minstevassføring på 20 m³/sek er nok til at elva fortsatt kan brukast til visse aktivitetar. Kommunen og raftingmiljøet seier seg ueinig i dette, og meiner begge føreslåtte minstevassføringar ikkje gjer det mogleg å drive kommersiell rafting, samt at Jølstra vil miste sin status som elvepadlingselv.

Jølstra og influensområdet har eit godt omdøme i høve friluftsliv. Det er vanskeleg å vurdere/ talfeste verdiar knytt til dette, eller kva konsekvensar ytterligere utbygging i vassdraget vil ha å seie for omdømet, lokalt, regionalt og internasjonalt. Fisketurisme knytt til elva er viktig i begge kommunane.

Det er ca 1200 – 1500 besøkande til Jølster Rafting kvart år. Jølstra har også regional verdi for elvepadling. Vassføringa etter utbygging vil ligge under 25 m³/sek 90% av tida om sommaren og såleis føre til at det ikkje er grunnlag for drift av raftingfirma ved Jølstra. Jølstra sin verdi og omdøme for annan elvepadling vert og sterk redusert.

I tillegg er det vesentleg friluftsliv- og sportsaktivitet i området ved Sunnfjord Golfklubb, Jølster skisenter og turløyper for sommarbruk og langrenn om vinteren. Denne aktiviteten genererer inntekter både til reiselivsbedrifter og annan handel i begge kommunane. Førde kommune meiner at omsøkte regulering vil kunne ha negative effektar i høve friluftsliv/ turisme, spesielt knytt til sportsfiske ved at ein i større grad i framtida vil oppleve elva som meir regulert.

Konsekvensar for naturressursar:

Negative konsekvensar for naturressursar vert for areal i Førde kommune vurdert som små. Rapporten peikar likevel på at området kring utlaupstunnelen er sårbart.

Tunnelmassane som kan nyttast/ deponerast innanfor Moskog industriområde er vurdert som positivt.

Merknad:

Det vert synt til tidlegare merknad knytt til tema hydrologi, og dette understrekar behovet for å setje maksimale krav til innlekkasje for utlaupstunnelen.

Bruk av tunnelmasse på industriområdet vil vere positivt.

Samla miljø-, friluft- og naturfagleg vurdering.

Den største skilnaden på dei to søknadane er at den eine (Sunnfjord Energi) søker om konsesjon for regulering av ei monaleg lengre elvestrekning enn Nordkraft. Dette i seg sjølv vil påverke meir miljø/ natur.

Regulering av elva ned til Reinene, kontra inntaket til Stakaldefossen, vil kanskje gje størst risiko for raskare spreining av ørekyte og auka fare for raskare genetisk utvatning av storauren i Movatnet. Sunnfjord Energi har som avbøtande tiltak presentert eit dykka inntak (3 meter).

Dei to søknadane er ulike med tanke på planlagd minstevassføring. Sunnfjord Energi søker om ei minstevassføring om sommaren på 12 m³/sek og 4 m³/sek vinterstid medan Nordkraft søker om ei differensiert minstevassføring med slepp av 3,5 m³/sek frå 01.09 – 31.05 og 8,3 m³/sek i gjennomsnitt frå 01.06 – 31.08. Med omsyn til raftinga vil sommarminstevassføringa sleppast differensiert over døgnet med 20 m³/sek på dagtid og 3,5 m³/sek på kveld, natt og morgon.

Kommunen vurderer at Nordkraft sin søknad med opp- og nedtapping av elva i ein slik skala som er nemnd ikkje er det beste alternativet for den økologiske tilstanden i elva. Dette regimet er langt unna kva som kan sjåast på som eit «naturleg» vassføringsregime sidan ein har stor magasineringseffekt i Jølstravatnet som igjen vil verke flaumdempande. Eit slik regime vil og kunne verke negativt på fritidsfiske.

Sunnfjord Energi legg til ei jamn minstevassføring om sommaren på 12 m³/sek og 4 m³/sek om vinteren. Som eit avbøtande tiltak har fagrapportane konkludert med at 19 m³/sek vil vere betre for livet i elva. Denne minstevassføringa er ikkje omsøkt med grunnlag i at det gir for dårleg økonomi i prosjektet.

I høve friluftsliv knytt til rafting, vurderer Førde kommune at begge søknadane gjer det umogleg å drive kommersiell rafting. Det er heller ikkje lett å sjå at det kan presenterast avbøtande tiltak som kan ivareta denne aktiviteten. Det blir såleis eit val mellom kraftutbygging eller rafting. Jølstra sin verdi og omdøme for annan elvepadling vert og sterk redusert, elva vil såleis truleg og miste sin status som elvepadlingselv.

Ingen av dei omsøkte alternativa er optimale for den miljømessige tilstanden til elva. Kunnskap og undersøkingar av både storaurestammen i Jølstravatnet og Movatnet sin bruk av elva og vassdraget (gyte og oppvekst områda) vil vere vesentleg i ein eventuell driftsfase om det vert gjeve konsesjon, uavhengig av kven av søkerane som får den.

Samfunnsinteresser og økonomi

Ei utbygging av Jølstravassdraget til kraftutbygging er eit stort inngrep med betydelege negative konsekvensar. Det er då rimeleg at det vert liggande att verdiar i lokalsamfunnet og regionen etter ei slik utbygging.

Økonomi:

For Førde kommune vil begge dei to utbyggingsalternativa gje liten økonomisk utteljing. For Sunnfjord Energi si utbygging er det stipulert at Førde kommune vil sitje att med ca 200.000 kr i auka eigedomsskatt og konsesjonskraftinntekter.

Tabell 2. Anslag over inntekter til Førde kommune pr år som følge av utbyggingen

Type inntekt	12 m ³ /s	19 m ³ /s
Eiendomsskatt	100 000	80.000
Naturressursskatt	-	-
Konsesjonsavgift	-	-
Konsesjonskraft	100 000	100.000
Totalt	200 000	180.000

Jølster kommune har kalkulert at dei vil få ca 4,1 mill kr i auka inntekter ved Nordkraft si utbygging og 5,9 mill kr dersom Sunnfjord Energi bygger ut.

Ei kraftutbygging vil altså gje betydelege årlege inntekter til kommunane.

Sunnfjord Energi AS er i det vesentlege lokalt eigd. Nordkraft er lokalisert med hovudkontor i Narvik og eigd av Hålogaland kraft, Narvik kommune og Troms kraftforsyning og Energi AS, men samarbeider med dei fleste fallrettseigarane ovanfor Stakaldefossen (93,5% av fallet).

Ved Nordkraft sitt prosjekt vil fallrettseigarane blir delaktig i utbygginga, ved at eigarskapen til kraftverket vert delt mellom fallrettseigarane og Nordkraft. Grunneigarane sin rett til eigarskap er avgrensa oppover til 20%.

Om Sunnfjord Energi AS får konsesjon til å bygge ut Jølstra, må dei enten komme fram til ein avtale med fallrettseigarane ovanfor Stakaldefossen eller ekspropriere fallrettane. Det er dei styrande organa i Sunnfjord Energi som med desse premissane, må vurdere om ei utbygging av Jølstra i regi av selskapet vil vere forretningsmessig fornuftig.

Førde kommune hadde helst sett at dei to utbyggerane hadde komme fram til ein avtale om felles utbygging av elvestrekninga.

Ressursutnytting:

Jølstra frå Jølstravatnet til Movatnet representerer ein betydeleg ressurs for kraftutbygging. Konsekvensane av kraftutbygginga med omsyn til natur, miljø og kultur, vert vurdert til å vere omlag like for dei to prosjekta. Dette er eit av dei siste store kraftutbyggingsprosjekta i Sør Norge. Førde kommune meiner derfor det er viktig at ein utnyttar denne ressursen på ein best moglege måte.

Utbygginga til Sunnfjord Energi vil årleg gje 176 GWh ny energi, medan utbygginga

til Nordkraft i lag med dagens løysing i Stakaldefossen vil gje 131 GWh ny energi.

Verknader for næringslivet:

Det vil truleg ikkje vere stor forskjell mellom dei to søknadane med omsyn til verknader for næringslivet. Ei utbygging av Jølstra vil føre til negative konsekvensar for reiselivsverksemdene i regionen, men i anleggsperioden har begge søkarane gitt uttrykk for at det vil føre til positive ringverknader for lokalt næringsliv.

Drift av kraftstasjonane vil gje grunnlag for sysselsetting av 1-2 personar med Nordkraft sitt alternativ, medan Sunnfjord Energi skisserer 2 – 3 personar.

Utbyggingsavtale:

Jølster kommune har tatt initiativ til å få utarbeidd ein utbyggingsavtale med kvar av dei to søkarane i forkant av konsesjonsprosessen. Etter møte mellom ordførarar og rådmenn i dei to kommunane, var det semje om at Jølster kommune skulle forhandle på vegne av begge kommunane. Det er gjennomført forhandlingsmøte med Nordkraft AS 14.08.14 og Sunnfjord Energi AS 15.08.14.

Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS har begge avslått utbyggingsavtale i brev sendt til Jølster kommune. Begge utbyggerane vurderer at dei kan drøfte utbyggingsavtale når NVE har gjeve si innstilling over for OED om eventuell konsesjon. Dei argumenterer med at dei ikkje kjenner heile kostnadsbilete før NVE har gjeve si innstilling, og at det derfor ikkje er forsvarleg for dei å inngå utbyggingsavtale på noverande tidspunkt.

Avbøtande tiltak.

Ei utbygging vil gje betydelege negative verknader for lokalsamfunn og regionen, og det er viktig at det vert gjort avbøtande tiltak.

Begge søkjarane har presentert forslag til avbøtande tiltak i sine søknader i tillegg kjem det fram forslag i konsekvensutgreingane som ikkje nødvendigvis er del av /tekne inn i søknadane. Førde kommune kommenterer ikkje dette nærmare, og legg til grunn at NVE vil vurdere tiltak presentert både i søknad og fagrapporter. Kommunen vel å ha fokus på eigne forslag til avbøtande tiltak.

Kommunen finn ikkje at føreslegne eller nye avbøtande tiltak kan ivareta Jølstra som raftingselev. Det må såleis gjerast eit val mellom utbygging eller ikkje.

Det er særleg i forhold til fisk at Førde kommune ser behovet for ytterlegare avbøtande tiltak.

I kapittel 21 hjå Sunnfjord Energi vert det synt til at minstevassføring på 19 m³ om sommaren framfor 12 m³, vil dempe negative effektar for fisk og botndyr. Kommunen forstår det slik at 19 m³/sek ikkje kan gjennomførast med tilfredsstillande økonomi i prosjektet.

Nordkraft legg opp til skifte av minstevassføring to gonger i døgnet om sommaren og at dette må skje gradvis, og ikkje skal overskride 13 cm per time slik at fare for stranding av ungfisk vert minimalisert. Søkjar meiner føreslått skifte på sommaren på 0,5 – 1 time er nok for å sikre dette.

Kommunen meiner NVE må vurdere om Sunnfjord Energi sitt prosjekt kan gjennomførast med auka minstevassføring og om Nordkraft sitt forslag, 0,5 – 1 time opp- og nedjustering av vassføring, vil ha negativ innverknad på fiskebestanden.

Oppdemming av Tongahølen vil kunne gje ørekyt betre vilkår ved meir stilleflytande vatn og såleis større problem for aureungane. Førde kommune meiner det her bør stillast krav om etterundersøkingar i driftsfasen. Om Nordkraft får konsesjon bør slike etterundersøkingar også gjennomførast i inntaksbassenget til Stakaldefossen kraftverk.

Faren for spreiding av ørekyte nedstraums Tongahølen aukar gjennom utspyling i tunellen. Effekten av ørekyte i Movatnet vil kunne vere svært negativ med tanke på at Movatnet har mykje passande ørekyte habitat. I tillegg til å undersøkje om dette faktisk skjer, som det blir lagt opp til, må det også gjerast førebyggjande tiltak. Om Nordkraft får konsesjon, må det stillast krav om dykka inntak slik Sunnfjord Energi legg opp til i sin søknad. Uavhengig av kven av søkjarane som eventuelt får konsesjon, må det etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket for å hindre at både ørekyte og fisk vert spreidd vidare ned i vassdraget.

Området rett oppstraums og nedstraums utlaupet ved Reinene (Sunnfjord Energi) sin verdi for aure, er vurdert som betydeleg. Kommunen meiner det også her må gjerast nye undersøkingar i driftsfasen, knytt til at det oppstraums vert endra vassføring og

nedstraums kan bli endra straumforhold, dette er tilhøve som kan ha innverknad på vandringsmønster, gytetroper, sedimentavsetning/ ureining mm.

Det vert tilrådd at det som avbøtande tiltak blir sett vilkår i konsesjonen om eit fiskefond til bruk i den berørte elvestrekninga. Fondet bør administrerast av dei to kommunane i lag.

Som følgje av dei negative verknadane ei utbygging vil ha på spesielt reiselivsverksemdene i området, bør det også etablerast eit næringsfond som på same måte som fiskefondet, vert administrert av dei to kommunane i lag. Fondet bør innrettast mot den delen av næringslivet som vert sterkast berørt av ei utbygging.

Bygging av kraftverk i Jølstra vil føre til mykje overskotsmasse som må deponerast. Kommunane Førde og Jølster er i ferd med å starte utbygging av Sunnfjord Næringspark på Moskog rett ved det planlagde Jølstra kraftverk. Det ligg alt føre godkjent reguleringsplan for industriområdet. Bruk av massane i samband med opparbeiding av industriområdet vil sikre ein god gjenbruk av overskotsmassane. Ettersom utbyggar uansett må deponere massane, vil gjenbruk i Moskog industriområde vere ein "vinn-vinn"-situasjon for utbyggar og dei to kommunane.

For å sikre ein fornuftig og rasjonell bruk av massane, er det viktig at det blir sett vilkår om dette i ein eventuell konsesjon. Det er alt signert avtale med Sunnfjord Energi der kommunane har sikra seg rett til tunnelmassane dersom det er dei som blir utbyggar. Frå kommunen sin side er det ein føresetnad at massane vert transport og planert av utbyggar. I tillegg må utbyggar ved behov syte for naudsynt behandling av masse slik at dei blir eigna for bruk til opparbeiding av industritomt.

Konklusjon.

Skilnaden i konsekvensar knytt til natur, miljø og friluftsliv i dei to søknadane, vert av Førde kommune vurdert som små. Sunnfjord Energi AS bør få konsesjon til å bygge ut Jølstra mellom Tongahølen i Jølster kommune og Reinene i Førde kommune. Søknaden frå Sunnfjord Energi gjev størst verdi tilbake til regionen gjennom m.a. høgare inntekter for kommunane og betre utnytting av energiresursane. For å minske dei negative konsekvensane med utbygginga må det gjerast avbøtande tiltak ut over det som går fram av søknaden.

Framlegg til vedtak:

- 1) Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som den i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdier attende til lokalsamfunna og regionen.
- 2) Førde kommune vil derfor tilrå at Sunnfjord Energi AS får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føreset at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:
 - a) Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget.
 - b) Det vert sett vilkår om etterundersøkingar i Tongahølen og Movatnet knytt til ørekyte. Det vert også sett vilkår om etterundersøkingar i Tongahølen og ved utlaupsområdet ved Reinene, knytt til verdien områda har som gyte og oppvekstområde for aure.
 - c) Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
 - d) Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål.
 - e) Det vert sett vilkår om eit fiskefond til bruk for tiltak i den berørte elvestrekninga med årleg bidrag til kommunane Jølster og Førde på kr 50.000,- kr i 2014-verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år. Fondet bør administrerast av dei to kommunane i lag.
 - f) Det vert sett vilkår om næringsfond med årleg bidrag til kommunane Førde og Jølster på kr. 400.000,- kr i 2014-verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år. Fondet bør administrerast av dei to kommunane i lag.
 - g) Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde i Førde og Jølster. Utbyggar skal syte for og koste bearbeiding, transport og planering av overskotsmassen.
- 3) NVE må vurdere om minstevassføringa på sommaren kan aukast
- 4) Med slike vilkår meiner Førde kommune ut frå ei heilskapleg vurdering, at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunane og storsamfunnet.

Handsaming i Formannskapet 11.09.2014:

Det vart reist spørsmål om Christina Kvamme (**H**) var inhabil i denne saka. Det fann formannskapet at ho var og ho gjekk frå i denne saka. Bjørn Nordberg (**H**) møtte som vararepresentant.

Norvall Nøringset (**SV**) gjorde framlegg om at pkt. 3 vert endra såleis:
NVE må stille krav om ei minstevassføring på sommaren på 19 m³ pr sek.

Avrøysting:

Nøringset sitt alternative framlegg fekk 1 røyst og fall
Ordføraren sitt framlegg fekk 8 røyster og vart vedteke

FORM-053/14 Vedtak:

- 1) Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som den i størst grad ivaretek samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunna og regionen.
- 2) Førde kommune vil derfor tilrå at Sunnfjord Energi AS får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føreset at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:
 - a) Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget.
 - b) Det vert sett vilkår om etterundersøkingar i Tongahølen og Movatnet knytt til ørekyte. Det vert også sett vilkår om etterundersøkingar i Tongahølen og ved utlaupsområdet ved Reinene, knytt til verdien områda har som gyte og oppvekstområde for aure.
 - c) Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.
 - d) Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggomsråde for friluftsføremål.
 - e) Det vert sett vilkår om eit fiskefond til bruk for tiltak i den berørte elvestrekninga med årleg bidrag til kommunane Jølster og Førde på kr 50.000,- kr i 2014-verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år. Fondet bør administrerast av dei to kommunane i lag.
 - f) Det vert set vilkår om næringsfond med årleg bidrag til kommunane Førde og Jølster på kr. 400.000,- kr i 2014-verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år. Fondet bør administrerast av dei to kommunane i lag.
 - g) Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde i Førde og Jølster. Utbyggjar skal syte for og koste bearbeiding, transport og planering av overskotsmassen.
- 3) NVE må vurdere om minstevassføringa på sommaren kan aukast
- 4) Med slike vilkår meiner Førde kommune ut frå ei heilskapleg vurdering, at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulemper for lokalsamfunn, kommunane og storsamfunnet.

Førde, den 04.09.2014

Olve Grotle

Ordførar